

“ – EG ELSKAR JOBBEN MIN, OG GLER MEG TIL Å KOMMA PÅ JOBB KVAR DAG. DET Å FÅ KOMMA HEIM TIL BRUKARANE, SÅ VIDT FORSKJELIGE HEIMAR, OG Å KJENNA SEG SÅ VELKOMMEN, ER VELDIG GODT.

Stine Brattetveit
Heimesjukepleiar

ENGEL I BLÅTT

Dagleg kjem ho innom for stell, medisindosering og litt småprat. Augneblinken heimesjukepleiar Stine Brattetveit (27) bankar på døra er for mange den beste i løpet av dagen.

MONA GRØNNINGEN
mona@kvinnheringen.no

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

– Kva vil du ha på skiva di i dag, Johannes? Eg rekk diverre ikkje koka egg i dag, men det får klara seg. Vil du ha kaviar?

Heimesjukepleiar Stine Brattetveit er i full sving på kjøkenet til Johannes Omvik i Omvikdalen. Han er første stoppestad på ruta hennar denne torsdagsmorgenen. Klokka har nyleg passert 08:00. Haustmørket ligg som eit kolsvart teppe utanfor vindauge, men inne i stova til Omvik er allereie fleire lys tente. Oppsummeringa frå den siste presidentkandidatdebatten i USA surrar på fjernsynsskjermen.

– Ein får håpa det valet ikkje blir etter norske normer. Kva skal vel vi nordmenn ha å gjera med korleis dei der borte stemmer? Eg tenkjer dei klarer seg utan vår hjelp, kommenterer Omvik med nikk mot fjernsynet.

Frukosten kjem på bordet, og Stine sett seg ned på sida av han med drikke og medisin.

– Sjå den cocktailen av medisinar ho vil lura i meg, blunker han.

– No må du leggja inn eit godt ord for meg, Johannes, smiler ho, og visar til vedhenga frå Kvinnheringen som følgjer etter henne med kamera og blokk denne morgonen for å bli betre kjent med jobben hennar.

– Eg kan leggja inn både eitt og to gode ord, eg, parerer han.

Kjemien er openbrettet og god mellom pleiaren og brukaren.

– Dei berre må få høyra om første gongen eg kom hit til deg, Johannes. Eg ante fred og ingen fare då eg gjekk inn. Plutseleg hoppa du fram frå bak døra. Eg trudde hjartet skulle stoppa, og banna til deg. Hugsar du det? ler Stine hjarteleg.

– Du vart litt skremt då, ja, humrar han. – Vi fekk ein pangstart, kan du seja. Og sidan har eg tatt deg for den du er. Vi klarar oss fint i lag vi, ler ho tilbake.

Mange telefonar

Tilbake i bilen etter besøket i Omvikjo har dagslyset så vidt begynt å ta over for natta, så Stine treng ikkje tenna lyset over spegeleen når ho skal notera på lista si, ein fast og viktig følgjesvein i jobben.

– Før hadde eg alt i hovudet. No er eg blitt manisk tilhengjar

av lister. Mogleg ein konsekvens av mammatilveret, analyserer den 27 år gamle tobarnsmora medan ho gjer klart utstyret ho treng til neste besøk. Ho finn fram handspriten og gnir den i hendene.

Fem år har gått sidan ho vart ferdig utdanna sjukepleiar, etter først å ha teke hjelpepleiarutdanning og påbyggingsfag. I ettertid har ho òg teke sårutdanning.

– Då eg var 14 år skulle eg skriva ein stil om kva eg ville bli, og då skreiv eg sjukepleiar. Pappa driv Hjertevakten, så eg har vel fått dette med livredning og helse inn med maten. Då eg var seks år kunne eg hjarte- og lungeredning, og familien min pleidde vera livvakter på strender i Oslo om sommaren, fortel ho.

Medan Stine fortel, ringer telefonen hennar. Stine har vakttelefonen kopla til denne morgonen, så det er viktig at ho svarar alle telefonane. Brukaralarm har ho òg på seg, og denne gir òg lyd frå seg jamt og trutt.

– Hei, god morgen ja. Du kom borti alarmen med eit uhell? Eg forstår, det skjer stadig vakk, trøystar Stine med si varme og rolege røyst til brukaren i andre enden av telefonen.

Høgdepunkt

Nokre minuttar etter avgangen frå Omvikjo, parkerer Stine utanfor hos Bjarne Gangdal på Seimsfoss. Ho finn på nytt fram korga med utstyr frå baksetet. På veg inn døra ringer vakttelefonen igjen. Det er ein kollega som vil drøfta eit fagleg spørsmål med Stine. Etter å ha lagt på, gjer ho seg til kjenne hos Gangdal.

– De må koma inn! Det er alltid ei glede når Stine kjem. Ho er sånn ei kjekk jente, favoritten min, helsar den tidlegare kapteinen blidt.

Han viser oss inn i det flotte huset sitt med panorautsikt over Hardangerfjorden. Stine går straks i gang med oppgåvene. Med drivne rørsler gjer ho det ho skal, og knappe ti minutt etterpå er ho ferdig.

– Vi skulle gjerne ha sete litt ned, Bjarne, men du veit korleis det er. Ein må berre hasta vidare. Vil du ha «Rulle-Tor» bort til deg? spør Stine, og hentar rullatoren.

– Eg forstår. Eg ser deg no snart igjen, svarar han, før han vender seg til Kvinnheringen sine utsendte:

– Alltid kjekt når desse flotte jentene kjem, det er eit høgdepunkt. Eg føler meg vel-



HJELPER TIL: Aslaug Bleie set stor pris på stunda når heimesjukepleiar Stine Brattetveit kjem innom. Dei småpratar og ler medan Stine hjelper Aslaug med daglege gjøremål, som til dømes påkledinga. – Hendene mine vil ikkje det same som då eg var yngre, blunker Aslaug.

dig godt ivaretaken, smiler han medan han vinkar oss av garde.

Verdifull tid

Utandørs har dagslyset brote heilt igjennom no. Klokka har passert 09:00. Eigentleg skulle Stine vore innom i brukarar før klokka er halv tolv, men denne dagen har ho delegert nokre av dei til andre pleiarar. Ting tar litt ekstra tid når ein har journalistar på slep.

– Nett kor lang tid ein vanlegvis er inne hos den enkelte brukaren varierer sjølvsagt med kva oppgåver ein har den dagen. Enkelte dagar skal ein til dømes skifta eit kateter, og då tar det naturleg nok litt lengre tid enn om ein berre skal innom med medisindosen.



FAKTA Heimesjukepleie

Døme på ulike oppgåver for heimesjukepleieren:

- ◆ Injeksjonar: B12, influensavaksine, blodprøvetaking, CRP-måling (for å sjekka om det er ein infeksjon på gang), måla HB (blodprosent).
- ◆ Kateterisering, innlegging av nytt kateter.
- ◆ Sårskift, bandasjeskift på nyrekateter.
- ◆ Stell av veneport.
- ◆ Palliativ (lindrande) behandling til døande.
- ◆ Elles tverrfagleg samarbeid med til dømes fastleggar, fysioterapeutar og ergoterapeutar.



GLEDE: – Vil du ha «Rulle-Tor» bort til deg?, spør Stine med eit smil før ho skal takka for seg hos Bjørne Gangdal. – Det er alltid ei glede når Stine kjem. Ho er sånn ei kjekk jente, favoritten min, røper den tidlegare kapteinen.



KJEKT: Stine hjelper Olaug Breiteig med høyreapparatet, og ser at nye batteri må kjøpast inn. – Vi skjemtar med kvarandre, og har det veldig kjekt i lag, fortel Olaug om Stine.

Sjølv om enkelte besøk berre tar nokre minutt, får brukarane Stine si fulle merksemd den tida ho er innom.

– Kjenner du av og til på at det er vondt å gå ifrå dei, at du ikkje har tid til å setja deg ned?

– Ja, det er gjerne det som er litt kjapt. Nokon er einsame og pratelystne, og når eg veit at eg kanskje er den einaste som er innom dei i løpet av dagen, kan det vera litt tungt å gå frå dei. Men samtidig har dei forståing for at vi har det travelt, og at vi skal besøkja fleire. Og når eg går inn til ein brukar, har eg 100 prosent fokus på han eller henne. Så sjølv om besøka ikkje alltid er så lange, så har vi kvalitetstid medan det varer, seier ho.

Firbeinte vener

Neste dør vi banker på, er hos Ole Jacob Albrethson i Omvik-dalen. Her blir vi tekne imot av ein Gordon setter med namn Lula, som spent og nysgjerrig vil helsa på gjestene. Bak tuslar ein litt meir sjenert katt med store øye.

– Det er gode vene, sjølv om dei er hund og katt, forsikrar han.

Stine hjelper Ole Jacob med det ho skal, og tar seg så tid til å småsnakka litt med han der han sit ved benken med frukosten

sin. Ho klappar øg hunden, som tydelegvis er trygg på den trufaste besøkjande.

– Kjekke desse dyra dine, Ole Jacob. Har du begynt å kalla katten for namnet eg føreslo sist eg var her? Eg meiner han må heita Makrellen, på grunn av stripene i pelsen.

– Dei er så gamle desse katane mine, dei treng ikkje namn. Makrell har eg jo på skiva mi, ler Ole Jacob tilbake.

På veg mot utgangsdøra etter besøket får vi følgje av ei veldig ivrig Lula. Ho har nok fått eit glimt av den fine dagen utanfor, og vil ut å nyta.

– Skal vi setja ho i bandet ute så ho får lufta seg litt? undrar Stine, og får ja frå hundeeigaren.

Snart står både han og Lula utanfor og helsar adjø til tenestebilen som er på veg til neste oppdrag.

Den gode praten

Bilturen til neste besøk tar berre nokre få minuttar, til tvers over dalen for Ole Jacob. Stine fortel at tida i bilen mellom besøka er veldig viktig for henne, sjølv om bilturen ikkje alltid er så lang.

– Dette er fristaden min, her nullstiller eg meg mellom besøka. Eg høyrer på lydbok eller >>>

“

- NOKON ER EINSAME OG PRATELYSTNE, OG NÅR EG VEIT AT EG KANSKJE ER DEN EINASTE SOM ER INNOM DEI I LØPET AV DAGEN, KAN DET VERA LITT TUNGT Å GÅ FRÅ DEI.

Stine Brattetveit
Heimesjukepleiar

1 Det blir ein del køyring i jobben som heimesjukepleiar, då ein skal rekka innom mange brukarar i løpet av ein arbeidsdag.

2 Pangstart: Første gongen Stine skulle heim til Johannes Omvik, gøymte han seg bak døra. Då ho kom inn, hoppa han fram og skremde henne.
– Vi fekk ein pangstart, ler Stine og Johannes.

3 Også hunden og katten til Ole Jacob Albrethson nyttar høvet til å få seg ein klapp når Stine kjem innom.

4 Rutinane til heimesjukepleiar Stine er mange og varierte.
– Eg elskar jobben min, fortel ho.



>>> musikk, og somme tider, når det er ekstra travelt, hender det at eg tar matpausen her.

Få minutt etterpå bankar vi på døra til eit kvitmåla hus på Hjelmeland.

– God morgen, Aslaug. Har du sove godt?, helsar Stine blidt, og går inn på det mørke soverommet til Aslaug Bleie.

Ho finn fram klede i skuffer og skap, og blir med Aslaug på badet for i hjelpla til med morgonstellet. Dei to damene ler og pratar medan dei gjer Aslaug klar for dagen. Stine lar ho kneppa blusen sjølv for å halda ved like finmotorikken.

– Hendene mine vil ikkje det same som då eg var yngre, blunkar Aslaug.

Frå dei store stovevindauga kan ein sjå at sola begynner å visa seg skikkeleg over fjorden i sør.

– Er det ikkje herleg, Aslaug? Vi får visst nok ein fin haustdag i dag, seier Stine.

– Ja, og sjå på dei vakre fargane utanårs. Eg blir heilt sett ut når eg studerer dei, svarar Aslaug, og peikar mot skogen ovanfor kjøkenvindaugen. For kort tid sidan var blada heilt grøne. No har dei eit breitt fargespekter i gult, oransje, raudt og brunnt.

– Og om ikkje så lenge dett dei av, legg Aslaug til.


Stine held hendene til Aslaug i sine.

– Eg plar alltid vera kald på hendene. Men veit du kva dei seier? Kalde hender, varmt hjarta. Det trur eg stemmer for oss begge, smiler Stine varmt.

Elskar jobben

Så er vi tilbake i bilen igjen. Vi spør Stine kva ho set mest pris på i jobben sin.

– Eg elskar jobben min, og gler meg til å komma på jobb kvar



dag. Det å få komma heim til brukarane, så vidt forskjellige heimar, og å kjenna seg så velkommen, er veldig godt. Vi etablerer ein heilt unik kontakt og relasjon med brukarane våre, og vi skapar ein gjensidig tillit og respekt. Det er godt å vita at eg er med på å bidra til at vedkommende kan bu lenger i sin eigen heim framfor på sjukeheimen.

Stine rosar også kollegane sine og det gode miljøet på Rosendalstunet.

– Vi har mange gode samtalar og faglege diskusjonar, og støtar kvarandre viss vi har tøffe opplevingar. Det er så mange spennande utfordringar i jobben, og eg har så mange ulike oppgåver.

– Blir ein litt «nerd» i faget sitt?
– Ja, eg må nok innrømma det. Eg synest det er spennande med

sår og blodårer, ting som andre helst ikkje vil sjå, ler Stine.

Ei litra stund etter skjema bankar Brattetveit på døra hos Olaug Breiteig i Dimmelsvik.

– Beklagar at eg er forseinka, Olaug. Har du venta på meg?

– Ja, ler Olaug tilbake, medan ho tar imot eit glas med frisk og iskaldt vatn.

Stine set seg ned i sofaen saman med henne. Ho sjekkar høyreaparatet til Olaug, som er tomt for batteri.

– Eg skal få tak i nye batteri, eg, forklarar Stine.

Så hjelper ho Olaug med augedropane. Småpraten leier etter kvart inn på den enorme kaktusen i vinduaugen.

– Den er gamal den der, eg kjøpte den i Bergen. Den har trivest usedvanleg godt her, for den har

vaks veldig. Eg er sikker på den overlever både meg og andre, seier Olaug.

Stine og Olaug fortel at den livsglade kaktusen ofte blir tema når nokon er innom.

– Olaug har grøne fingrar, det er heilt sikkert, slår Stine fast.

Olaug har same oppfatninga av Stine og kollegane hennar som dei andre vi har vore innom denne dagen.

– Eg ser alltid fram til å få besøk av dei, sjølv om det hender dei er litt for seine, smiler Breiteig, med ein dukt i sida til Brattetveit.

Begge ler godt, og Breiteig held fram:

– Vi skjemtar med kvarandre, og har det veldig kjekt i lag. Du veit kva dei seier, ein god latter forlenger livet. Det trur eg sanneleg det er noko!